



Motorferdsel i verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

VERNEOMRÅDESTYRET FOR
SETESDAL VESTHEI, RYFYLKEHEIANE OG FRAFJORDHEIANE





Vassdalseggen (bak) rager høgst i verneområdet. I framrunnen Trollskeneinuten og øvre del av Kvanndalen

Bruk og vern

Høye områda mellom Setesdal og Ryfylke er unike på mange måtar. Dei rommar veldige kontrastar og stor variasjonar når det gjeld klima, landskapsformer, geologi og vegetasjon. Desse områda utgjer sørgrensa for utbreiinga av plante- og dyreartar som er knytt til alpine område i Noreg, og området er mellom anna levestaden for Europas sørlegaste villreinstamme. Samstundes har desse fjella vore brukta av menneske heilt sidan steinalderen. Skriftlege kjelder kan fortelje om ein svært intensiv bruk knytt til støling, beite, jakt, fiske og friluftsliv dei siste 200 åra, og arkeologiske funn viser at denne bruken og var omfattande i jern- og mellomalder.

Det er derfor mange og store verneverdiar i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjord-heiane. Villreinen utgjer kanskje den viktigaste verneverdien, men verdiane i eit vakkert og særprega natur- og kulturlandskap er og svært store.

Store delar av dette området har derfor vorte verna i løpet av tidsrommet 1991-2003 gjennom opprettinga av seks ulike landskapsvernemråde og to biotopvernemråde. Kvart av desse områda har eit eige sett med verneregler som har til hensikt å avgrense og styre menneskeleg aktivitet slik at verneverdiene ikkje blir påverka på ein negativ måte.

Motorferdsle vil først og fremst kunne utgjere eit trugsmål mot verneverdiene som er knytt til villreinen, men og dyre- og fuglelivet elles kan bli skadelidande av ein omfattande motorferdsel.

Villreinen er sårbar for forstyrringar. Dette gjeld særleg når beitetihøva er vanskelege om vinteren men også i kalvingsperioden om våren. Tilfeldige forstyrringar som medfører auka energitap og redusert beitetid er alvorlege nok, og meir systematiske forstyrringar som hindrar bruk av trekvegar og viktig beiteområde, kan ha dramatiske følgjer for villreinstamma.

Motorferdsel med snøskuter og helikopter vil saman med ferdsl til fots forstyrre villreinen i verneområda. Det er derfor viktig at omfanget av motorferdsla vert halde på eit så lågt nivå som råd. Samstundes er det mange naudsynte transportbehov som berre kan dekkast gjennom motorferdsel. Dette gjeld mellom anna transport i samband med landbruksdrift, drift av turisthytter og løpenett og drift av kraftlinjer og kraftverksinstallasjonar. I 2015 er det om lag 250 aktive snøskuterløyve i verneområda, og kvart år blir det og gjeve om lag 70 helikopterløyve.

Forvalningsstyresmakta si viktigast oppgåve er å finne den rette balansen mellom bruk og vern. Verneverdiene må takast godt vare på samstundes som naudsynt transportverksemd får tydelege og påreknelege rammer.

I denne sökguiden ønskjer vi derfor å presentere dei ulike retningslinjene som gjeld for söknadar om ulike former for motorferdsel i verneområda. For ytterlegare informasjon viser vi til fullversjonen av forvaltningsplanen som kan lesast på www.svr.no. Du må og gjerne kontakta verneområdeforvaltinga direkte (post@svr.no) om du ikkje finn svara du treng i det skriftlege materialet.



Søknads- og sakshandsamingsrutinar for motorferdselsaker

Alle søknadar vil få ei individuell handsaming og vurdering. Alle saker skal vere godt opplyste i samsvar med krava i Naturmangfaldlova og Offentleglova. Ufullstendige søknadar vil ikkje bli handsama før alle naudsynte opplysningar er på plass. Søkar vil få beskjed så fort som råd dersom det er behov for utfyllande opplysningar.

Søknadsrutinar i motorferdselsaker

Innsending av søknad til aktuell kommune

Alle (privatpersonar, verksemder, lag og organisasjoner, offentlege etatar) som har planar om **søknadspliktig** motorferdsel i verneområda, skal sende søknad om dispensasjon til den kommunen der ferdsla er planlagt eller direkte til verneområdestyret. Kommunen sender søknaden vidare til verneområdestyret.

- ♦ Søknaden skal sendast på eit eige søknadsskjema. Søknadsskjema kan lastast ned frå nettsida til verneområdestyret, hos ein av kommunane eller søker kan få det tilsendt frå verneområdestyret eller den aktuelle kommunen.
- ♦ Alle søknader skal ha med kart der køyrerute for snøskuter eller landingspunkt for helikopter er teikna inn.
- ♦ Til alle søknader bør det leggast ved ein skriftleg uttale frå aktuelle grunneigarar eller opplysningar om at grunneigarane har gjeve samtykke til motorferdsla. Søkar er sjølv ansvarleg for å ha løye frå aktuelle grunneigarar til å lande med helikopter eller køyre med snøskuter på deira eigedomar.
- ♦ Dersom søknaden gjeld fleire kommunar (til dømes motorisert ferdsel som kryssar kommunegrensene), er det nok å sende søknaden til ein av kommunane.
- ♦ Alle søknader bør sendast inn i god tid og helst tre veker før transportane er planlagde. Dette er særleg viktig for søknader om omfattande transportar eller transportar som har eit føremål som ikkje er omtala i verneforskrifta. Slike søknader må ofte handsamast av arbeidsutvalet og kan ha ei sakshandsamingstid på inntil tre veker.

Søknader som berre skal sendast til verneområdestyret

Nokre transportbehov er direkte heimla i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (§ 4) og Forskrift om bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagde vassdrag (§ 2 og § 3). Det er difor nok å sende søknad berre til verneområdestyret. Dei mest aktuelle tilfella er desse:

- ♦ Snøskuter- og helikoptertransport i samband med jordbruks- og skogbruksnæring. Jakt, fangst, fiske og sinking av bær vert ikkje rekna som næring i denne samanheng.
- ♦ Transport av ved frå eigen eigedom til fast bustad (berre på vinterføre).
- ♦ Transport av jaktutbytte med landgåande køyretøy ved jakt på elg og hjort.
- ♦ Opparbeiding og preparering av skiløyper og skibakkar for älmenta og for konkurransar når det blir gjort av kommunar, hjelpekorps, idrettslag, turlag eller turistbedrifter.

Sakshandsamingsrutinar i motorferdselsaker

- ♦ Dei fleste søknadane om motorferdsel må handsamast av både forvaltingsstyresmakta etter verneforskrifta og kommunen etter Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Unnataket er motorferdsel i samband med punkta over. Slike søknadar skal berre handsamast av forvaltingsstyresmakta etter verneforskrifta der slik motorferdsel er

søknadspliktig.

- ♦ Dei aller fleste søknadane om motorferdsel kan handsamast av verneområdeforvaltarane som delegasjonssaker. Unnataket er søknadar med transportføremål som ikkje er heimla i verneforskrifta og såleis må handsamast etter § 48 i Naturmangfaldlova eller saker som går ut over etablert forvaltingspraksis. Slike søknadar må handsamast av arbeidsutvalet eller verneområdestyret.
- ♦ Verneområdestyret vil legge til rette for ei rask og grundig handsaming av søknadar om løye til nyttetransport. For å unngå unødig sakshandsaming ønskjer verneområdestyret å gje fleirårige løye til motorferdsel når transportane kan skje utan nemneverdige negative konsekvensar for verneverdiar og verneformål.
- ♦ Etter at søknaden er motteken i verneområdestyret blir det sendt eit førebels svar til søker dersom saka ikkje kan handsamast i løpet av tre veker.

Om løya til motorferdsle

- ♦ Snøskuterløyet skal vere skriftleg. Fleirårige løye skal laminerast og sendast til søker i posten saman med loggark. Eittårige løye og helikopterløye skal vere skriftleg og skal sendast i posten eller som e-post.
- ♦ Det skal gå fram av alle løye kva for strekning, kva for tidsrom og kor mange turar kvart løye gjeld for.
- ♦ Det kan i særskilde høve stillast som vilkår at det ikkje skal køyrast på til dømes bestemte vekedagar, bestemte datoar eller i bestemte tidsrom på dagen. Det skal også settast som vilkår at køyringa skal følgje bestemte løyper eller trasear.
- ♦ Det skal førast logg for kvar tur. Loggen må fyllast ut før turen.
- ♦ Alle løye skal takast med under transport og skal visast fram når politi eller oppsyn ber om det.
- ♦ Søkarar vil normalt ikkje få løye til transport med både snøskuter og helikopter same år. Unnataka er ved større vedlikehaldstiltak, henting av felt storvilt og frakt av brensel og proviant til utleigehytter. Om snøtilhøva gjer det vanskeleg å bruke snøskuter eit år, vil dei med snøskuterløye kunne få helikopterløye til ordinær nyttetransport.





Statskog si utleiehytte ved Såvatnet.

Forvaltingsmål for motorferdsel

- Motorferdsel i verneområda skal avgrensast til det som er strengt naudsynt og skal haldast på eit nivå som ikkje er til skade for naturmangfaldet eller er til ulempe for andre brukargrupper.
- Motorferdsel i viktige funksjonsområde for villreinstamma, slik som trekk- og kalvingsområde og viktige område for vinterbeite, skal avgrensast så mykje som råd og haldast på eit nivå der ein unngår systematiske forstyrningar.
- Motorferdsel i viktige hekke- og ynglelokalitetar og i andre sårbarer område skal avgrensast så mykje som råd og haldast på eit nivå der ein unngår systematiske forstyrningar.
- Verneområdestyret ønskjer å vere restriktive med å opne for nye transportbehov og nye typar køyreterøy.
- Sakshandsaminga skal vere grundig og effektiv, og søknadar om nyttettransport skal ha klare og påreknelege rammer.

Retningslinjer for motorferdsel

Snøskuterløyve

- Eit snøskuterløyve gjeld normalt for fire år og omfattar åtte turar i året (jf. Styresak 20/2011).
- Normalt vil eit løyve gjelde fram til 30. april kvart år. Unntaka er i kalvingssonene og trekksone for villrein der transportar må gjennomførast tidlegare.
- Transportane skal omfatte allment anerkjente nytteformål- til dømes transport i samband med landbruksdrift og transport av materialar, brensel og proviant til hytter i

verneområda.

- Det er høve til å söke om meir enn åtte turar i løpet av eit år dersom det kan dokumenterast eit særleg stort transportbehov.
- Personar og verksemder som kan dokumentere eit stort og uføreseileg transportbehov, kan söke om opne løyve utan fast avgrensing av talet på turar. Dette kan for eksempel dreie seg om grunneigarar med store eigedommar med mange hytter, leigekøyrarar, kraftselskap og turistforeiningar.
- Dei som får slike opne løyve, må sende inn rapport over talet på turar, kvar det er køyrt og føremålet med turane til forvaltingssekretariatet innan 1. juni kvart år.
- Løyve og loggark/køyrebok skal alltid vere med under transportane.

Helikopterløyve

- Helikopterløyve vert normalt gjeve for eit avgrensa tidsrom.
- Talet på turar varierer med transportbehovet og kva som er forsvarleg ut frå omsynet til verneverdiene.
- Transportane skal omfatte allment anerkjente nytteformål -til dømes transport i samband med landbruksdrift og transport av materialar, brensel og proviant til hytter i verneområda.
- Det kan gjevest helikopterløyve for inntil fire år dersom det kan dokumenterast at transportbehovet er árvisst, om lag like stort kvart år og dersom det er særskilt heimel for transportformålet i den aktuelle verneforskrifta.
- Ved fleirårige helikopterløyve på meir enn fem turar kvart år må det innan 1. desember sendast melding til forvaltingssekretariatet om kor mange turar som vart gjennomførde dette året.
- Det er høve til å söke om eit ope løyve utan fast avgrensing av talet på turar dersom det på førehand er vanskeleg å avgjera kor mange turar som må til. Dette kan til dømes vere aktuelt ved store vedlikehaldstiltak på bygningar og installasjoner.
- Dei som får opne løyve, må sende inn rapport over talet på transportar, landingspunkt og formål med transportane til forvaltingssekretariatet så snart siste turen er unnagjort.
- For alle helikopterløyve vert det stilt vilkår om at flygeruta skal følgje kortaste veg mellom landingspunktene og at flyginga skal skje høgare enn 300 m over bakken. I Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombraude er flyging lågare enn 300 m forbode berre i trekk- og kalvingssonene. Utanfor desse sonene blir formuleringa i vilkåra at flyging lågare enn 300 m over bakken skal ein unngå så sant det er råd.
- Løyve og loggark skal alltid vere med under transportane.

Tidsavgrensing av og reglar for løyve til motorferdsel

- Snøskuterløyva er normalt avgrensa til 30. april.
- I Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombraude vil løyva til motorferdsel bli avgrensa til 15. april i trekksone og til 25. april i kalvingssonene. Dersom påska kjem seinare enn denne datoene, vil motorferdselløyvet gjelde fram til tredje påskedag. Ved eventuelle løyve til motorisert ferdsel i desse restriksjonsperiodane vil det bli sett som vilkår at det blir gjeve melding til Statens naturoppsyn (SNO) før transporten blir gjennomført.
- Ein vil vere restriktiv med å gje løyve til helikoptertransport mellom 1. april og 1. juni for å unngå unødig forstyrring av fugl i hekketida. Nær stader der det hekkar fugleartar som står på nasjonal raudliste, vil det ikkje bli gjeve løyve til helikoptertransportar mel-



Iom 15. mars og 15. juni eller i det tidsrommet den konkrete arten er særleg sårbar for forstyrringar.

- I område der det går føre seg reinsdyrjakt vil det berre unntakvis bli gjeve løyve til helikoptertransport mellom 20. august og 1. oktober. I område utan jakt kan det gjevast løyve også i denne perioden.

Motorferdsel til utleigehytter

- Løyve til motorferdsel i samband med transport av ved, brensel og proviant til hytter som vert leigde ut, skal som ein hovudregel gjevast til grunneigar og ikkje leigetakar. Unnatak kan gjerast der hytta vert leigd ut for fleire år eller vert leigd ut til faste tidsrom kvart år. Ein skal då ha framlagt skriftleg avtale om leigetilhøvet og skriftleg samtykke frå eigar om at "retten" til løyve blir overført til leigetakar for ein fastsett periode. Dette kan eventuelt også vere i kombinasjon med at det blir fastsett tidsperiode, tal på turar for utleigeformålet og der løyvet til eigar blir tilsvarende avgrensa.

Ettersanking av beitedyr

I år med tidleg snøfall og vanskelege tilhøve under sauesankinga kan det bli behov for ei omfattande ettersanking. Snø og korte dagar kan gjere denne ettersankinga svært krevjande, og det kan vere vanskeleg å få heim alle dyra som enno går i høgheia. Helikoptertransportane må ofte avtalast på kort varsel ettersom ein er avhengig av god sikt for å gjennomføre leitinga. Sidan dette gjeld velferda for dyra er det viktig at denne ettersankinga går føre seg så raskt og så effektivt som råd.

- I slike tilfelle vil verneområdestyret etter søknad kunne vurdere å gje løyve til bruk av helikopter i ettersankinga. Dette kan gjelde transport av personar som kan rekognosere frå lufta lågare enn 300 m over bakken og utflyging av mannskap som kan drive dyra heim. Utflyging av sau kan også vere aktuelt. Søknad om slike løyve må sendast inn seinast to dagar før løyvet skal brukast. Unntakvis kan det opnast for at ein tek i mot søknader og gjev løyve over telefon. I slike tilfelle må skriftleg søknad og rapport leverast inn i etterkant av transporten.

Uttransport av sjuke og skadde dyr

Det er ofte knapt med tid i slike saker, og det må leggast opp til rask søknads- og sakshandsaming.

- Søknader om uttransport av sjuke og skadde dyr må handsamast etter § 48 i Naturmangfaldlova dersom slik heimel ikkje fins i den aktuelle verneforskrifta. Unntakvis kan det derfor opnast for at ein tek i mot søknader og gjev løyve over telefon. I slike tilfelle må skriftleg søknad og rapport leverast inn i etterkant av transporten.

Transport av felt storvilt

- I alle verneområda kan det gjevast dispensasjon til frakt av felt storvilt.
- Det kan gjevast løyve til frakt av felt elg og hjort med helikopter. Talet på turar i kvart løyve må vurderast etter kor mange fellingsløyve som er gjeve.
- I alle verneområda kan ein og gje løyve til frakt av felt storvilt med snøskuter om snøtilhøva gjer dette mogleg. I Frafjordheiene, Lusaheia, Vormedalsheia, Dyraheio og Kvanndalen kan det også søkast om løyve til bruk av andre motorkøyretøy, som til dømes traktor, på frozen eller snødekt mark.
- I Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiene landskapsvernombjørga kan ein og - uten å føre - lande med helikopter/sjøfly for å hente felt storvilt på eller ved desse vatna: Krokevatn, Ratevatn, Bånevaton, Storsteinvatnet, Ormsvatn og Kalsvatn i Bykle, Bossvatn i Valle, Storevatn i Sirdal og Kolsheivatn, Monsvatn, Storlavvatn og Lykkjevatn i Bygland kommune. Denne heimelen har tradisjonelt vorte bruka til utflyging av felt villrein. Transporten frå desse områda må meldast til forvaltingsstyremakta før den vert gjennomført. Ein treng også dispensasjon frå kommunane etter Lov om motorferdsel for å gjennomføre desse transportane om ikkje anna er fastsett i kommunal forskrift.
- I kommunar med villreinjakt der det i løpet av høringsprosessen har blitt meldt inn behov om landingsplassar i område som ikkje er omfatta av ordninga i punkt 5.3, bokstav c i verneforskrifta for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiene landskapsvernombjørga, vil det bli innført ei prøveordning slik at det også kan søkast om løyve til lufttransport for henting av felt villrein frå landingsplassar som er nærmere fastsett i forvaltingsplanen. Prøveordninga vil gjelde for tre år (2015-2017) og verneområdestyret vil etter ei evaluering vurdere om prøveordninga skal vidareføra.
- Søknadar om slike transportar må sendast inn innan 10. august slik at dei er ferdig handsama innan villreinjaka tek til. I løyva vil det bli fastsett faste landingsplassar utanfor verneområda for å sikre kontroll frå politiet og SNO. Det kan også bli fastsett bestemte tider på døgnet når transportane må gjennomførast. Alle som har fått løyve i forsøksperioden, må rapportere talet på transportar til forvaltingssekretariatet så snart



Gråmannsfjellet i Rjuven.

- villreinjaka er over.
- Prøveordninga omfattar følgjande landingsplassar (sjå temakarta i vedlegg 7.1.4):
- Åseral kommune: Lislolavsvatn, Øvre Skjerkevatn og Kissvatnet
- Suldal kommune: Steinkilehytta, Grjotdalsneset og Austre Kaldavatn
- Bykle kommune: Storheddervatnet (aust for Storhedder)
- Der landingsplassane er oppgjevne som vatn, kan landingane skje i ei sone på 50 m frå vasskanten.

Felleskøyring

- Det er ofte vanskelege vêr- og føreforhold i Ryfylkeheiane og Setesdalshieiane. I slike høve kan det vere ein fordel at to skuterar kører saman i samband med transportoppdraget. Dette kan både gje auka tryggleik og vil kunne gjere transportane meir effektive. Det er derfor ingenting i vegen for at to snøskuterar kører saman dersom ein vurderer det som den beste løysinga. Føresetnadane for at slik felleskøyring er lovleg, er at ein av skuterførarane har løyve til den aktuelle transporten og at begge skuterane bidreg aktivt i transporten. I tillegg må begge turane førast opp i loggarket som følgjer skuterløyvet. Det blir ikkje gjeve løyve til følgjeskuter.

Persontransport

- Rein persontransport med helikopter eller snøskuter er ikkje lovleg. I samband med nyttetransport er det tillate for passasjerar å sitte på dersom det ikkje fører til ekstra turar.
- I heilt spesielle tilfelle kan det gjevast løyve til transport for varig rørslehemma til eiga

- hytte eller liknande stader dei har ei sterk tilknyting til. Slike transportar må ikkje kome i konflikt med verneformål og verneverdiar. Definisjonen av rørslehemma følgjer Klima- og miljødepartementet sitt rundskriv T-1/96. Personar som på grunn av alder eller mellombels sjukdom er rørslehemma, blir ikkje rekna som varig rørslehemma i denne samanheng.
- Slike transportar skal om mogleg gjennomførast av leigekøyrar.
- Persontransport av varig rørslehemma krev og dispensasjon frå kommunane etter lov om motorferdsel i utmark.

Motorferdsel i samband med skjøtselsoppgåver

- Motorferdsel i samband med skjøtselsoppgåver i regi av forvaltingsstyremakta er ikkje søknadspliktig. Det gjeld og når til dømes grunneigar utfører skjøtsel på eigen eigedom i regi av forvaltingsstyremakta.
- Motorferdsel i samband med kalking, prøvefiske, fiskeutsetting, tynningsfiske mv. er søknadspliktig.

Leigekøyring

Ordninga med leigekøyring er heimla i nasjonal Forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på ialiserte vassdrag, § 5, bokstav a. I medhald av denne paragrafen kan kommunestyret etter skriftleg søknad gje løyve til bruk av snøskuter (leigekøyrløyve) for fastbuande som i «ervervsmessig øyemed» vil ta på seg ulike transportoppdrag. I verneområda vil kva for type transportoppdrag som leigekøyrarane kan utføre, bli regulert av reglane i



verneforskriftene og retningslinjene i forvaltingsplanen.

Når det gjeld leigekøring, har det utvikla seg to ulike praksisar i verneområda. I Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frafjordheiane er det, med unnatak av Sirdal, ikkje etablert ei omfattande ordning med leigekøring sjølv om dei fleste kommunane deler ut nokre leigekøringsløyve. I desse områda søker dei som har eit transportbehov, forvaltingsstyresmakta om løyve. Deretter tek dei dette løyvet med til leigekøyraren som gjennomfører transporten. I Suldal, Hjelmeland og Sirdal er leigekøringsordninga godt etablert. Her søker leigekøyrarane forvaltingsstyresmakta om løyve til å drive leigekøring i verneområda, og dei som har eit transportbehov, vender seg direkte til desse for å få gjennomført ein transport.

Retningsliner for leigekøring i Holmvassåno biotopvernområde og Kvanndalen, Dyrælio, Lusaheia og Vormedalsheia landskapsvernområde + Sirdal kommune i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde

- Personar med kommunalt leigekøringsløyve kan søke verneområdestyret om løyve til å utføre leigekøring i verneområda.
- Leigekøringsløyva vil bli avgrensa til ulike område/køyreruter og lokale grunneigarar vil bli prioritert i sine nærområde. For leigekøringsoppdrag som stekker seg over fleire kommunar, kan leigekøyrar frå ein av desse kommunane nyttast.
- Leigekøyrarane får eit løyve for fire år med ei årleg kvote på 20 turar i verneområda. Det er mogleg å søke om å få auka denne kvota dersom det er mange transportoppdrag.
- Leigekøyrarane må levere inn kopi av køyrebook innan 1. juni kvart år. Leigekøyrarane skal ikkje ta på seg transportoppdrag som ikkje er i tråd med verneforskrift og forvaltingsplan. Løyve og køyrebook skal alltid vere med når transportoppdraget blir utført.
- Aktuelle transportoppdrag for leigekøyrarar vil vere transport av materialar, ved, brensel og proviant til private hytter og buer og til turistforeiningane sine hytter. Leigekøyrar kan også få løyve til å køyre i samband med kvisting av skiløyper i Kvanndalen, Dyrælio og Holmvassåno. Det vil gå fram av leigekøringsløyvet kva for transportoppdrag som er lovlege i det aktuelle verneområdet.

Retningslinjer for leigekøring i Steinsbuskardet-Hisdal biotopvernområde og Frafjordheiane og Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde (Forsand, Gjesdal, Bykle, Valle, Bygland, Åseral, Kvinesdal og Hægebostad kommunar)

- Fastbuande med kommunalt leigekøringsløyve kan utføre transportoppdrag for privatpersonar, organisasjonar og offentlege etatar som har fått løyve til motorferdsel i verneområda av forvaltingsstyresmakta. For leigekøringsoppdrag som stekker seg over fleire kommunar, kan leigekøyrar frå ein av desse kommunane nyttast.
- Transportane skal skje i tråd med dei retningslinjene som er gjevne i løyvet frå forvaltingsstyresmakta. Løyve og køyrebook skal alltid vere med under transportane.

Barmarksøyring

- Verneområdestyret vil oppretthalde ein svært restriktiv praksis når det gjeld køring på barmark. Av omsyn til terrengskade og køyrespor skal forvaltingsstyresmakta normalt ikkje gje dispensasjon til motorisert ferdsel på barmark.
- Verneområdestyret kan vurdere å gje dispensasjon til bruk av ATV og andre terregngåande køyretøy når snøforholda gjer det uråd å bruke snøskuter og køyringa på barmark kan skje utan at det vert skjemmande køyrespor i terrenget. Slik køyring vil derfor i praksis berre kunne skje på vegar og allereie etablerte køyretrasear. Verneområdestyret kan og unntakvis gje løyve til bruk av ATV og andre terregngåande køyretøy i samband med henting av sjuke og skadde husdyr.
- I område med produktiv skog eller vedskog kan det opnast for transport langs sleper og barmarkstrasear i periodar av året. Ved eventuelle dispensasjonar for vintertransport med traktor eller ATV og liknande skal forvaltingsstyresmakta i vedtaket fastsette trasé for transporten, gje naudsynte vilkår for å avgrense markskade og eventuelle vilkår for istandsetting av terregn dersom skade oppstår.



Blåsjø. I bakgrunnen skimtas Napen.

Motorferdsel på vatn og vassdrag

- I landskapsvernområda Kvanndalen, Dyraheio, Lusaheia, Vormedalsheia og i Holma-vassåno biotopvernområde er motorferdsel på vatn og vassdrag forbode. Det kan søkast om løye til slik motorferdsel på vatn som er større enn 2 km².
- I Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde og i Steinsbuskardet-Hisdal biotopvernområde er ikke motorferdsel på vatn og vassdrag regulert av verneforskrifta. Her gjeld § 4 i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag som seier at motorferdsel på vatn mindre enn 2 km²er forbode. Ein eventuell dispensasjon må derfor bli gjeven av dei aktuelle kommunane. Motorisert ferdsel på dei delane av Botnvatn som er ein del av Steinsbuskardet-Hisdal biotopvernområde, er også forbode på grunn av det generelle ferdselsforbodet i dette biotopvernområdet.

Sats og utforming: Odd Inge Worsøe

Repro og trykk: Kai Hansen

Foto:

Side 3: Jarle Lunde/SuldalFoto.no

Side 8-9: J. Thommessen/J. E. Skåtan

Andre foto: Kjell Helle-Olsen



Villrein aust for Blåsjø.

Verneområdestyret har forvaltingsmynde for åtte store og åtte mindre verneområde i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane.

Verneområdestyret arbeider for å take vare på verneverdiane samstundes som ein legg til rette for ein fornuftig bruk av heiområda.